

Retningslinjer for klassekonto ved Naustdal skule

Foreldre i kvar enkelt klasse kan vedta å opprette ein felles klassekonto for klassen. Det er tradisjon i Naustdal å opprette ein klassekonto allereie i 1. klasse og som følgjer dei til 10. klasse.

Opplæringslova § 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

Konto

Ein klassekonto bør opprettast av klassekontakt eller kasserer. Det er praktisk om denne personen kan ha vervet fleire år.

Foreldre/foresatte kan bestemme seg for å opprette klassekonto i foreldremøte, det er viktig dette er samstemt i klassen. Foreldra vert i samråd einig om evt. årleg innbetaling av eit frivillig beløp til kontonummeret.

Inntekt

Det er eit mål å ha ein beskjeden økonomi, men den bør vere tilstrekkeleg for å gje støtte til klassen. Gratisprinsippet gjelder også her og det skal vere frivillig å gje inn beløp til klassekontoen.

Følgjande prinsipp er sentrale:

- Det er lov å be om pengar til klassekontoen, det er frivillig å setje inn.
- Alle skal ha respekt for at økonomien til familiar er ulike, dei kan sette inn det beløpet dei klarer eller at dei ikkje klarer å betale noko.
- For å oppretthalde anonymitet skal det ikkje seiast noko om kor mange som har satt inn pengar, det er det kun kasserer eller klassekontakt som har noko med å gjere.
- Orientering om saldo på konto bør kasserar orientere om på første foreldremøte ved nytt skuleår samt bestemme beløp for innbetaling.

Kva skal klassekontoen nyttast til?

Elevane, det sosiale samholdet og læring skal stå i fokus på aktivitetar og arrangement. Utbetaling frå klassekontoen skal brukast til formål som kjem alle elevane i klassen til gode, også nye som ikkje har bidrege, uavhengig av kven som har betalt inn.

Det kan f.eks være:

- Sosiale tiltak i klassen
- Servering på elevkveldar og turar
- Merksemd til lærar ved f.eks jul- og sommeravslutning
- Merksemd til lærar som sluttar, evt. lage til ein felles avslutning med noko elevane har laga/plukka blomster/lage kake/fruktfat
- Innkjøp av leikar eller anna utstyr som klassen ønskjer seg